

Månadsbrev oktober 2024

I september skjedde det mykje, og nå er den første bokmeldinga til U-prisen levert og barnetrinnet les bøker for harde livet i Norli sin lesekonkurransse. 7. klasse storkoste seg på leirskule, men det var godt å koma heim att òg. Elevane jobbar samvitsfullt med nasjonale prøver og kartleggingsprøver, og det er mykje rett så langt. Å vera Kongle for ein dag er spanande, og det blei det òg då 6. og 7. klassa krympa læraren! Den kulturelle skulesekken er variert, og nå har alle hatt besøk i alle fall ein gong allereie.



Oktober blir relativt kort, men me får lurt inn nokre **foreldremøte** til, for me må koma i gang med møte i FAU og SU. 8.-9. klasse har foreldremøte 2. oktober, medan 10. klasse har 16. oktober, og innimellom er det **haustferie** 7.-13. oktober. Etter ferien satsar småskulen på **haustsamling** torsdag 17. oktober. 24. oktober blir det ny **kulturell skulesekk** for 1.-2. klasse: "Jeg er ikke redd" for mørkret eller andre ting, berre eg forstår kva det er. Animasjonsfilmskaparen Marita Mayer vil fortelja om å laga film, om verkemiddel, biletutsnitt, musikk og lyd.

Me håpar det skjer noko med leikeplassen i løpet av haustferien, og det skal skiftast kledning og malast nokre stader. Trass haustferie, blir det mange gode skuledagar, før Sirdalsskulen reiser på **personaltur** til London på ettermiddagen 30. oktober og kjem heim att 1. november. Hugs at det er onsdagsskule denne onsdagen, dvs. 30. oktober, og SFO er stengt 31. oktober og 1. november for SFO har òg planleggingsdagar og er med til London!

Første veka i november er det greitt å vera førebudd på, for då skal 10. klasse på hospitering 6. november, medan 8.-10. har arbeidslivstrening med innlagt OD-dag 7. og 8. november. I år som i fjor vil elevane samla inn pengar til Home of Bahati. Litt lenger fram, tysdag 3. desember, blir det teatertur for 1.-10. klasse. Me søkte og fekk billetter til alle elevane, og brukar dei på å sjå **Pinocchio** på Rogaland teater.

Ha ein fin haust og ein strålande haustferie!

Sinnes 30.09.24, *Ase-Berit* (rektor)

